



Grøn FoU Vest

Regionalt utviklings- og tilretteleggingsprosjekt 2014-2017

Prosjekteigar:
Samarbeidsrådet for landbruket i
Hordaland og Sogn og Fjordane

Samandrag

Samarbeidsrådet for landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane ønsker å bidra til å styrke konkurransekrafta i landbruket sine verdikjeder på Vestlandet. Dette ved å utvikle eit levedyktig system for framskaffing og implementering av næringsrelevant FoU, opp mot det regionale forskingssystemet. Vi vil bidra til fleire brukarretta forskingsprosjekt knytt til næringa i fylka, etter mal frå prosjektet Grøn forskning i Midt-Norge (2009-). Dette vil vi gjere i ei verdikjedetenking, frå innsatsfaktor til industri, gjennom:

- engasjement i næringa på alle nivå, ikkje minst hjå bøndene
- interesse og engasjement hjå FoU-miljø, særleg regionale
- næringsrelevante prosjekt, ikkje minst «på garden»

Der vi skal:

- etterspørje/fremje praktisk brukeleg/relevant kunnskapsproduksjon
- engasjere landbruksnæringa og verdikjeda for eiga utvikling
- kompensere for små føretak -> store samarbeid
- synleggjere kompetanse, profesjonalitet og teknologinivå i landbruk og industri
- bygge omdøme/utviklingsgrunnlag -> rekruttering, satsings- og investeringsvilje

Samarbeidsrådet meiner det er trong for nytenking for vidare utvikling i verdikjeda, spesielt med våre særskilte tilhøve her vest, i høve nasjonal landbrukspolitik og sentralt dominert FoU, då vi har:

- mindre rasjonaliseringspotensiale
- spesielle føresetnader: klima, topografi, jordsmonn, eigeomsstruktur
- større utfordringar i høve produksjonsambisjonar
- spesielle FoU-behov som ikkje vert dekkja av nasjonal forskning
- ei stor verdikjede med industri knytt til regionale/beskytta råvarer (RÅK)
- Noregs to største internasjonale reiselivsfylke

Prosjektet er utvikla med utgangspunkt i tilsvarande satsing med gode resultat i Midt-Noreg sidan 2009, tilpassa våre tilhøve. Satsinga er primært knytt til regionale bygdeutviklingsprogram og utviklings-/handlingsprogram for regional utvikling, men det er også tenkt tilknytning til VRI, der i alle fall Hordaland har mattematikk som satsinga er tenkt å utfylle med næringsmobilisering og aktivitetar, etter mal frå VRI Trøndelag.

Innhold

1	Bakgrunn.....	4
2	Grøne næringer viktige i vest	5
3	Mål og aktivitet	6
3.1	Delmål og strategiske innsatsområde	6
3.2	Hovudaktivitetar	7
3.3	Suksesskriterier.....	8
4	Prosjektorganisering og arbeidsform.....	8
4.1	Strategi- og forankringsfase	8
4.2	Etableringsfase	9
4.3	Gjennomføringsfase	9
4.4	Organisering.....	10
4.1	Fagleg tematikk og prioritering	13
5	Risikoanalyse og kvalitetssikring.....	14
6	Økonomi.....	14
7	Vedlegg.....	16
7.1	Forprosjekt Grøn dialog	16
7.2	Røynsler frå Grønn Forskning i Midt-Norge	18
7.3	Regionalt FoU-behov frå planprosessar (2011-13)	19
7.3.1	Landbruksmeldinga	19
7.3.2	Norges Bondelags forskingsstrategi 2012-15.....	20
7.3.3	Regionalt utviklingsprogram (RUP)/Verdiskapingsplan	20
7.3.4	Regionale bygdeutviklingsprogram	20
7.3.5	Rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket.....	21
7.3.1	Regionale forskingsfond/VRI.....	21
7.3.2	Regional matstrategi for Hordaland.....	21
7.3.3	Andre innspel	22
7.3.4	Syntese som innspel til arbeidsform og organisering	22
7.4	Referansar og grunnlag	23

1 Bakgrunn

Landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane har særskilde utfordringar for framtidig utvikling, med bakgrunn i naturgjevne og kulturelle tilhøve, konkurranse frå anna næringsverksemd og utvikling i nasjonal landbruks- og matpolitikk. Fylka har krevjande topografi, klima og eigeomsstruktur og avgrensa mogleik for uttak av rasjonaliseringsvinstar i høve andre delar av landet. Fylka har som landet elles eit mål om produksjonsauke på 1 % per år for dei viktigaste produksjonane, men førebels er nok produksjonen framleis fallande. Med mange små brukseiningar og fortsett strukturrasjonalisering kan avgangen bli større enn reetableringa i overskodedeleg framtid.

Sjølv om næringsmiddelindustrien er den nest største industrigreina i dei to fylka, hamnar den som mykje anna i ein regional «oljeskugge», med unnatak for den marine, eksportretta produksjonen. Resten, nærare 80 %, av næringsmiddelindustrien er i større eller mindre grad knytt til eller avhengig av landbruket og landbrukspolitikken, inkludert importregime, og foredlingsgraden her er langt større.

Regionalt får likevel grøne næringar relativt lite politisk merksemd som næring, produksjons- og utviklingsarena. Det er nok samansette årsaker til dette. Landbruket og matproduksjonen framstår for mange som nasjonalt regulert, med lite regionalt handlingsrom, og med avgrensa mangfald, lønsemd og utviklingspotensiale. Synleggjering av kompetanse, profesjonalisering og teknologinivå i landbruket og industrien vil såleis vere avgjerande for næringa sitt omdømme og vidare utvikling. Dette vil kanskje vere det viktigaste tiltaket for å fremje rekruttering, satsings- og investeringsvilje, i tillegg til faktisk kunnskapsproduksjon.

Dette innsåg ein i si tid i nettverket *Tenkeloft Trøndersk Landbruk*, og det leidde fram til satsinga i Midt-Noreg, der samhandling mellom næringsliv og forskning i grøn sektor har vist seg å utløyse *opptil fire offentlege kroner for kvar krone* som blir sett inn frå landbruket og næringslivet si side. Det er også eit avgjerande motiv i Noregs Bondelag sin forskingsstrategi. Med bakgrunn i fjordfylka sine særskilte utfordringar har dei truleg større behov for regional vinkling på FoU-arbeidet enn område som er betre tilpassa den rådande utviklinga i norsk landbruk og landbrukspolitik.

Samarbeidsrådet for landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane har difor tatt initiativ til mobilisering for auka og meir brukarretta forskning innan verdikjeda for landbruk på Vestlandet. Ein ønskjer med dette at bedrifter og produksjonsmiljø skal

Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane i Hordaland og Sogn og Fjordane:

Felleskjøpet Agri
Hordaland Bonde- og Småbrukarlag
Hordaland Bondelag
Landkreditt
Norsk Landbruksrådgiving Hordaland
Norsk Landbruksrådgiving Sogn og Fjordane
Norsvin Hordaland
Norsvin Sogn og Fjordane
Nortura SA region Vest
Skogeigarlaget Vest
Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag
Sogn og Fjordane Bondelag
Tine SA region Vest
Vest Skog SA

Samarbeidsrådet skal:

- styrkje kontakt og samarbeid mellom organisasjonane for å ivareta medlemne og næringa sine interesser totalt
- vere ein arena for debatt og næringsutvikling i regionen
- drøfte felles aktuelle spørsmål og utføre samarbeidsoppgåver
- legge til rette for kurs/opplæringstiltak for medlemmer, tillitsvalde og tilsette
- førebu konkrete samarbeidstiltak mellom organisasjonane

Relevante FoU-miljø regionalt:

- Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Høgskolen i Bergen
- Universitetet i Bergen
- Norges Handelshøyskole
- Vestlandsforskning
- NOFIMA
- Skog og landskap
- Bioforsk
- Norsk Institutt for Landbruksøkonomisk Forsking
- Veterinærinstituttet

få hjelp til betre å nytte forskning og utvikling i eiga verdiskaping. I tillegg er det trong for koordinering av forskings- og utviklingsaktørar i regionen, med fokus på mogleikar som ligg i landbruks- og distriktsrelatert forskning.

2 Grøne næringar viktige i vest

Omgrepa grøn sektor og grønne næringar er her knytt til primærlandbruket og matindustri basert på råvarer frå landbruk. Næringsmiddelindustrien basert på ikkje-marine råvarer har mest like stor sysselsettingseffekt som primærlandbruket. I tillegg kjem sysselsetting i forvaltning, FoU, handel, service og liknande, som ikkje blir spesifisert nærare her.

I Hordaland og Sogn og Fjordane står primærlandbruket for rundt 6.500 årsverk¹, eller høvesvis 1,5 og 5 % av sysselsettinga, mot eit nasjonalt snitt på 2 %. Hordaland var det fylket i landet med flest små bruk (760 under 50 daa) i 2011, og Sogn og Fjordane var ikkje så langt bak. Til saman utgjer dette 10-20 % av landbruksarealet i fylka, som står i særleg fare for å gå ut av drift som følgje av strukturrasjonalisering. Desse areala utgjer dessutan noko av det viktigaste kulturlandskapet me har, med omsyn på kulturhistorie og opplevingsverdi.

I 2009² arbeidde høvesvis 4.559 og 1.879 personar, eller 17 og 24 % av industriarbeidarane i desse to fylka, i matindustrien. Tala er i samsvar med landet elles, der matindustrien er den nest største industrigreina etter verkstadindustrien. Kategorien³ *Fisk og fiskevarer* sto for 20 % av verdiskapinga, *RÅK* (ferdigvareproduksjon med råvarekompensasjon, 22 %) er stor i Hordaland. Sjølv om den er basert på mykje importråvare er den likevel avtakar for 15-20 % av norsk mjølke- frukt- og bærproduksjon. *Matindustri elles* (58 %) er mest avhengig av norsk landbruk, anten som direkte avtakar for norskproduserte råvarer, eller som importør av råvarer som er regulerte av landbrukspolitiske omsyn.

Kjøtindustrien (sterkt landbruksavhengig) og den tilverkande industrien (*Andre næringsmidlar*) sysselset mest folk, og er nasjonalt begge halvannan gonger større enn fiskeindustrien. Kjøtindustrien er ikkje så stor i Hordaland, der den hovudsakeleg består av nisje- og tradisjonsmatverksemder, men den er framleis viktig i Sogn og Fjordane, med 5 % av den nasjonale sysselsettinga innan bransjen. Fylket har elles høg sysselsetting innan meieri- og bakarvare, og i tillegg ein stor drikkevareindustrien som i stor grad er basert på lokale/nasjonale ressursar.

Hordaland er størst i landet på ferdigvare (*Næringsmidlar elles*), om ein ser bort ifrå sjokolade- og sukkervareindustrien i Oslo. Hordaland er dessutan det tredje største meierifylket og størst på kornvarer, grunna Norgesmøllene sitt anlegg i Vaksdal.

Grøn næring er såleis ei stor næring her vest, men regionalt er det ei utfordring å vise utviklinga i teknologisk nivå og å nå fram med eigne FoU-behov.

¹ Regionale bygdeutviklingsprogram for høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane

² Gro Steine og Johanne Kjus: Mat og industri 2011. Status og utvikling i norsk matindustri. NILF 2011.

³ Kategoriar tekne frå ovanfor nemnde rapport

3 Mål og aktivitet

Prosjektet har som hovudmål:

- å styrke konkurransekrafta i landbruket sine verdikjeder ved å bidra til fleir brukarretta forskingsprosjekt knytt til næringa i fylka

3.1 Delmål og strategiske innsatsområde

Prosjektet må arbeide for å synleggjere behovet for ny kunnskap i heile verdikjeda, spesielt på lågare nivå. Synleggjering skal bidra til auka brukarengasjement, og sikre interesse for brukardeltaking i idé-, prosjektutviklings- og prioriteringsfasane, fram til gode FoU-prosjekt. Vonleg vil ein del av prosjekta ha potensiale for så verdfull og brukbar kunnskap at det verkar motiverande for næringa å investere i prosjekta og ta i bruk resultatata. Formidling og realisering av resultatata vil vise verdien av forskning og kompetanseutvikling for verdikjeda, og verke ytterlegare motiverande.

Lågt i verdikjeda er evna til brukarfinansiering avgrensa, samstundes som FoU-prosjekt ofte vil ha ein tematikk nær det praktiske landbruket. Dette bør mellom anna kompensere ved å vise produksjonsmessig og kommersiell relevans lenger opp i verdikjeda, td. i industri og handel. I den grad det er mogleg, bør ein fremje desentralisering av FoU-innsatsen i bedrifter og landbrukskonsern der det fins relevante, regionale skilnader og tilhøve. Dette for å ivareta vestlandslandbruket sine særskilte utfordringar.

Delmål:	Strategiske innsatsområde:
1. engasjement i næringa; på alle nivå, ikkje minst hjå bøndene;	a. mobilisere; bruke fora, organisere b. motivere; argumentere; lønsemd, arbeidstilhøve, framtid c. kommunisere; vise nytteverdi; eksempel d. system for AG (arbeidsgrupper), (porteføljestyling)
2. interesse og engasjement hjå FoU-miljø, særleg regionale;	a. etablere gode møteplassar b. etablere system for AG (porteføljestyling) c. prioritere; «kvalitetsstempel» på FoU-søknadar d. diskusjonspartner/-miljø for FoU-prosjekt e. kommunisere behov og resultat
3. næringsrelevante prosjekt, ikkje minst «på garden»;	a. økonomisk/praktisk/drifts- og produksjonsmessig: <ul style="list-style-type: none"> • problemstillingar frå faggrupper • diskusjonspartner/-miljø for FoU-prosjekt • porteføljestyling b. potensiale for realiserbar kunnskap: <ul style="list-style-type: none"> • problemstillingar frå faggrupper • diskusjonspartner/-miljø for FoU-prosjekt • formidling av FoU-resultat til næring • realisering/utviklingsprosjekt frå FoU-resultat c. potensiale for auka verdiskaping/næringsutvikling: <ul style="list-style-type: none"> • innspel frå relevant næring • diskusjonspartner/-miljø for FoU-prosjekt • formidling av FoU-resultat til næring/utviklingsmiljø d. potensiale for marknadsutvikling; pris, kvalitet, elastisitet: <ul style="list-style-type: none"> • kvalitetsfremjande • historie og tradisjon

	• knytt til opplevingar
4.	etablere og organisere eit levedyktig system for næringsrelevant FoU, forankra i eksisterande organ i næring, forskning og forvaltning

3.2 Hovudaktivitetar

Aktivitetane i prosjektet er utleidd frå dei strategiske innsatsområda, konsentrert i 3 bolkar; mobilisering, kommunikasjon og organisering, og såleis knytt opp mot delmåla i prosjektet:

I. Mobilisering

- a. Auka FoU-aktivitet særleg nedst i verdikjeda, nærast/hjå bonden
- b. Mobilisere gjennom landbrukets organisasjonar og bedrifter
- c. Organisere AG, geografisk og tema-/produksjonsmessig
- d. Auke etterspurnad og vilje til ressursbruk; døme, kommunikasjon, eigarskap, implementering
- e. Arbeide for desentralisering av FoU-innsatsen til bedrifter/landbrukskonsern; fokus på regionale tilhøve, engasjere sentrale personar og konsernleiing i Vestlandet sine utfordringar
- f. Opplæring og tilrettelegging for kompetansetinging og –levering mellom næring og FoU-miljø
- g. Produsere tingings- og leveringskompetanse innan næring og FoU
- h. Innspel/problemstillingar frå faggrupper/næring til møteplassar med FoU-miljø

II. Kommunikasjon

- a. Samle og formidle eksempel om nytteverdi
- b. Historie, tradisjon og kvalitet som kan fremje priselastisitet
- c. Motivasjon og argumentasjon; lønsemd, arbeidstilhøve, framtid etc
- d. Fremje formidling av FoU-resultat til næring/utviklingsmiljø, primært ved påverking av FoU-aktørane sitt eige infoarbeid
- e. Fremje implementering/utviklingsprosjekt frå FoU-resultat
- f. Formidle og kompensere for manglande midlar til brukarmedverking lågt i verdikjeda; dokumentere nytteverdi av og investeringsvilje for FoU-aktivitet på lågare nivå, lengre opp i verdikjeda
- g. Diskusjonspartnar for FoU-miljø ved prosjektutforming
- h. Oppfølgingspartnar for brukardeltaking og implementering/utviklingsprosjekt
- i. Utarbeide gode informasjonsrutinar mellom PE (prosjekteigar), AG og FoU-miljø/møteplassar
- j. Vere aktive i høve regionale forskingsfond mfl. slik at relevant forskingsinnsats reflekterer verdiskapinga i landbruket og næringsmiddelindustrien, som ei av dei største næringane i fylka
- k. Dokumentere auka FoU-aktivitet

III. Organisering

- a. Etablere AG for idègenerering og –tilfang, evaluering av prosjektskisser og –planar og innspel til prioritering av prosjekt

- b. Etablere system for porteføljestyring «rundt» FoU-aktørane
- c. Utvikle system for næringsmessig prioritering av prosjekt som kan virke som et «kvalitetsstempel» på FoU-søknadar, ei fagleg/ næringsbasert prioritering som innspel til forskingsfond o.a.
- d. Etablere gode nettverk og møteplassar for næring og FoU
- e. Utvikle samarbeidsarenaer med andre forskingsområde, andre næringar, andre regionar og relevante FoU-miljø nasjonalt og internasjonalt
- f. Utvikle og tilby formidlings- og realiseringsassistanse

3.3 Suksesskriterier

- Status og mynde frå PE, med støtte, fridom og informasjonstilgang til prosjektleiinga, slik at denne kan utføre koordineringsarbeidet optimalt
- Engasjerte prosjekteigarar og deltakarar
- Samordning med aktiviteten i VRI Hordaland/Sogn og Fjordane
- Innarbeiding av rutinar og dokumentasjon hjå PE for brukarmedverking i prioriteringsprosessar for søknadar
- Sikring av oppslutnad og optimisme ved tidleg og finne gode, aktuelle og velforankra FoU-prosjekt å starte med («små synlege suksessar»/ «hauste lågthengande frukter først»)
- Rask etablering/vitalisering av nettverk, møteplassar og forankring/kommunikasjon av desse hjå nøkkelpersonar og samarbeidspartnarar

4 Prosjektorganisering og arbeidsform

4.1 Strategi- og forankringsfase

Prosjektet si strategi- og forankringsfase byrja i august 2012 etter innspel i eit møte i Lavik 2011. Vidare er tanken om eit prosjekt blitt etablert og forankra hjå partnarane i Samarbeidsrådet gjennom den større samlinga *Grøn Dialog* i Bergen 25.-26. oktober 2012. Dette resulterte i eit forprosjektet i regi av Samarbeidsrådet i 2012-13 som vart finansiert av fylkeskommunane og fylkesmennene i dei to fylka.

Plandelen er utarbeidd av ei oppnemnd arbeidsgruppe, og blir forankra internt i medlemsorganisasjonane så snart denne prosjektskildringa ligg føre. Det vil bli etablert eit system med geografisk fordelte og tematiske AG knytte til Samarbeidsrådet og medlemsorganisasjonane/-verksemdene. Desse vil vere med i utforminga av dei konkrete handlingsplanane. Strategi- og forankringsfasen fortset såleis nokre månader inn i prosjektet.

Dette skal sikre at alle samarbeidspartnarane ser stor nytte av og føler eigarskap til måla og aktivitetane i prosjektet. Det skal falle naturleg for alle å styre sine FoU-idear og -behov gjennom prosjektet sine møteplassar. Dette må bli så effektivt og innført hos eksisterande samarbeidspartnarar, at desse kan finansiere og drive denne

koordineringsfunksjonen sjølve i ettertid, truleg knytt til etablert landbruks- eller offentlege ressursar.

4.2 Etableringsfase

Ved fullfinansiert prosjekt vil PE (prosjekteigar) påbyrje etablering av ein prosjektorganisasjon. Hovudoppgåvene vil vere å finne eigna PA (prosjektansvarleg, organisasjon) og eigna PL (prosjektleder). Det vil sannsynlegvis skje i to meir eller mindre samanhengande prosessar. Personlege kvalifikasjonar hjå PL må vere avgjerande, samstundes som PA må kunne tilsetje PL om naudsynt. Ein bør helst kunne tilby eit geografisk eigna og fagleg interessant arbeidsmiljø som base for PL. PE og PA vil og måtte finne medlemmar til ei styringsgruppe (SG), og begynne å setje saman AG. Etablering av prosjektet bør kunne fullførast i løpet av to månader.

4.3 Gjennomføringsfase


I løpet av gjennomføringsfasen skal det etablerast faggrupper, nettverk og møteplassar mellom næring, forskingsinstitusjonar og offentleg forvaltning. Desse skal bli aktive og gode arenaer for samhandling mellom næring, rådgjevingsteneste, FoU-miljø og offentleg forvaltning og gi resultat i form av konkrete prosjektsøknadar.

Vonleg vert det 2-3 FoU-«prosessar» kvart år, i samband med diverse fristar hjå dei viktigaste finansieringskjeldene/forskningsfonda. Allereie i samband med den første av desse våren 2014 må det planleggast og prøvast ut system for kommunikasjon med FoU-miljø i søknadsfase, og prioritering av FoU-søknadar ut ifrå eit næringsperspektiv.

Det må utarbeidast årlege handlingsplanar med operative mål og tydelege milepælar. Prosjektarbeidet i denne fasen skal tilfredsstillе Innovasjon Norge sine krav i PLP-prosjektlederprosessen, og bidra til å nå målet om fleire og betre forskingsprosjekt i knytt til grøn sektor i fylka.

Det blir vesentleg å få involvert prosjekteigarane med både kapital og engasjement. Vidare må det bli etablert samarbeidsforum med slik nytteverde at det vil vere ein sjølvsgatt reiskap for utvikling av gode FoU-prosjekt i regionen i framtida.

Hovudarbeidsforma er i første rekke teken frå Grøn Forsking i Midt-Norge. Den består primært av nettverksprosessar som i størst mogleg grad bygger på eksisterande strukturar i næring, forvaltning og til dels forskning (Fig. 1).



Figur 1: Prosjektet sitt bidrag til forskningsaktiviteten i grønne næringer (Grønn forskning i Midt-Norge). Raude ringar markerer fora og oppgåver spesielle for prosjektet. Resten bør kunne innførast i eksisterande struktur frå starten av.

4.4 Organisering

Prosjekteigar (PE) er Samarbeidsrådet, presentert i kap.1.

Prosjektansvarleg (PA) og prosjektleiar (PL)

Røynslene frå Midt-Noreg indikerer at val av prosjektleiar vil vere kritisk for suksessen til prosjektet. Det er vesentleg at vald prosjektorganisasjon (altså PA) finn rett person i saman med Samarbeidsrådet. Prosjektleiar må bli tilsett i full stilling for å sikre kontinuitet, kapasitet og tilgjenge. Denne bør ha ein geografisk tilgjengeleg base knytt til eit relevant fagmiljø. Det må samstundes verta laga ein god plan for geografisk fordelt oppsøkjande verksemd.

Prosjektansvarleg har:

- det totale økonomiske ansvaret
- ansvar for at prosjektplanen og måla er i samsvar
- overordna kvalitetssikringsansvar
- ansvar for aktivitet i SG
- ansvar for initiering av avgjerdspunktmøte og skriv protokoll
- ansvar for oppfølging av rammer for prosjektet og for ekstern informasjon

Samarbeidsrådet har ingen administrativt eller prosjekttilsette, og ønskjer heller ikkje å tilsetje prosjektmedarbeidarar sjølv. Det vil derfor vere mest aktuelt å setje ut prosjektansvar og –leiing til *ein etablert organisasjon*. Dette bør vere ein organisasjon med stor landbrukskompetanse og nettverk, med kjennskap til, men utan eller med avgrensa eigeninteresse i forskingsarbeid sjølv. Organisasjonen bør ha ein viss mogleik til å drive eit etablert system effektivt som betalingsteneste eller som mindre prosjekt etter prosjektperioden. Aktuelle kandidatar kan vere landbrukskular, landbruksforvaltning, tenesteleverandørar eller rådgjevingsteneste. Desse må ha god

kompetanse, nettverk, prosjektstyringserfaring og om mogleg minimal interessekonflikt ved å drive eit slikt arbeid.

Prosjektleder må tilsetjast eller leigast i full stilling, for å sikre grunnressurs i prosjektet og kontinuitet i arbeidet. Tilsetjing bør primært skje gjennom ein PA-organisasjon. Innleie av sjølvstendig næringsdrivande, kan moglegvis redusere behovet for PA såpass at PL eller PE står for dette sjølv. Ved eventuelt innleie unngår ein og eventuell problematikk med eventuelt skifte av PL undervegs eller i sluttfasen av prosjektet. Dersom prosjektet i sin heilskap ikkje vert sett ut til eigna prosjektorganisasjon, vil Samarbeidsrådet og vere PA for prosjektet.

PL skal ikkje vere den som utarbeider konkrete FoU-prosjektskildringar. PL skal heller ikkje stå for progresjon og fagleg innhald i dei ulike strategiområda, men stå for drift av nettverk og møteplassar og sjå til at AG fungerer og leverer til rett tid.

Det bør vere mogleg og ønskeleg å utvide arbeids- og reisekapasitet med å knytte ei prosjektgruppe (PG) til PL. PG bør bestå av minst ein «delprosjektleder» i kvart fylke, for å utvide arbeids-, reise- og oppfølgingskapasiteten til PL. Delprosjektledarane må helst vere tilsette i eksisterande organisasjon eller verksemd knytt til landbruket. Det kan gjerne vere offentleg eller anna instans som helst kan yte delstillinga som eigensinnsats i prosjektet, ref. budsjett. Elles gjeld same krav til desse som til PL.

Styringsgruppe (SG)

Prosjektleder vil setje saman ei bransjemessig balansert SG bestående av representantar frå Samarbeidsrådet sine medlemmer (næring), forskning og forvaltning. SG vil ha ansvar for faglege og økonomiske føringar og prioriteringar på vegne av PE. Styringsgruppedelegmene vil også få eit særleg ansvar for god informasjon/kommunikasjon mot gruppene dei representerer.

Arbeidsgrupper (AG)

For å sikre brei fagleg og geografisk deltaking frå næringshald, vil eit system med AG vere sjølv grunnstamma i prosjektet. Røynslene frå Midt-Noreg viser at AG kan fungere effektivt sjølv med avgrensa fysisk møtekontakt. Som hovudregel delte dei inn gruppene fagleg tematisk etter produksjonar. I fylka våre kan det i tillegg vere interessant å fordele desse også delvis etter geografi for å sikre breitt nok nedslagsfelt og deltaking.


Basert på røynslene frå Midt-Noreg og justert for næringsssamansettinga på Vestlandet, vert det planlagt AG etter fagområde som følgjer, ref. kap. 7.3.4:

- Grovfor
- Mjølke
- Kjøtt
- Frukst og grønt
- Skog og tre
- Mat og reiseliv

Desse gruppeinndelingane er tenkt ut ifrå eit verdikjedeperspektiv. Dei bør famne heile verdikjeda frå innsatsfaktorar til avtakarar. Foredragar og distributørar/grossistar

og kanskje i nokre høve detaljistar kan vere med. Eventuelt kan ein og vurdere gruppetema som *Landskap og lokalsamfunn* og *Klima og energi*, sjølv om desse ikkje passar så godt inn i verdikjedetanken.

Dei breitt samansette AG, med representantar frå landbruksnæring, næringsmiddelindustri, handel, landbruks- og offentlege organisasjonar og FoU-miljø i kvar gruppe bør fordelast noko geografisk i fylka Dette gjer ein for å sikre geografisk representativitet og spare reisekostnader. Når det er sagt, har modellen frå Midt-Noreg vist seg å fungere med relativt avgrensa fysisk møteverksemd (fig.2). Pågåande tiltaksprosjekt for produksjonar og bransjar i dei to fylka bør i størst mogleg grad vere representert i dei respektive AG, td. frå mjølkeprosjekt, tresatsing, sauesatsing osv. Den regionale føregangsmoellen for kor langt ein kan koma er frukt- og bæringsutviklinga rundt Njøs Næringsutvikling. Programmodellen her bør vere ein basis for ei Frukt- og grøntgruppe og bør søkast overført til andre verdikjeder med foredlings- og marknadspotensiale.



Figur 2: Systemet med arbeidsgrupper (AG) fra Grønn forskning i Midt-Norge

Mjølkeproduksjonen og sauehaldet er sjølva grunnstamma i distriktslandbruket i Noreg, og ikkje minst på Vestlandet. I botn for begge desse ligg grovforproduksjonen, som møter særlege utfordringar som følgje av naturgeevne tilhøve. Det kan vere topografi og klima, kulturgeevne/økonomiske tilhøve som eigedomsstruktur, tilskotsregime, rasjonalisering/effektivisering, konkurranse om arbeidskraft, kapital osv.

Vidare har begge fylka kjerneområde for hagebruk, først og fremst fruktdyrking. Bær og grønt har kanskje eit særskilt potensiale for nystarting, marknadsnytting og industrialisering då denne typar produksjonar ofte er ganske arealeffektive. Dei gjer høge dekningsbidrag per dekar og det er stor underdekning i lokal/regional og

nasjonal marknad. Tilnærminga vil truleg variere noko her, då ein i Sogn lenge har vore flinke å utvikle seg mot næringsmiddelindustri og nasjonal marknad. Potensialet i Hardanger/Hordaland vil truleg bli betre å utløyse mot ein stor regional marknad, i første rekke i Bergensområdet.

4.1 Fagleg tematikk og prioritering

Innspel til fagleg prioritering er greidd ut i avsnitt 7.3, med utgangspunkt i fleire planprosessar i begge fylka, primært i etterkant av Landbruksmeldinga frå 2011. Hovudprioriteringane er knytt til FoU-behov knytte til særskilte satsingsområde i Regionale Bygdeprogram for fylka, med nokre tilleggspunkt og –aspekt frå anna nasjonalt og regionalt planarbeid.

Tilknytning til fagmiljø og vidareføring

I første rekke vil prosjektet truleg bli knytt til eit fagmiljø ved val av PA og PL. Deretter vil ein gjennom samansetnad av eventuell PG og AG søkje å knyte prosjektet geografisk og tematisk til eksisterande landbruksrelaterte miljø i fylka, spesielt med sikte på vidare drift etter prosjektperioden.

Andre premiss for organiseringa

- Organisasjonen må ha perspektiv utover prosjektperioden i tid, ressursar og omfang
- Organiseringa må sikre at næringa er godt representert, med dei rette personane
- Organiseringa må bidra til brei forankring i regionen
- Enkeltaktørar må ikkje få for dominerande posisjon
- Alle har eit ansvar for å sikre god informasjonsflyt mellom representantar og dei ein representerer
- Forskingsinnsatsen må spreia på ulike forskingsinstitusjonar
- Dobbeltroller må unngåast

5 Risikoanalyse og kvalitetssikring

Kritiske faktorar

Ein kritisk faktor er ein faktor som vil påverke gjennomføringa av prosjektet eller forhindre at mål blir nådd. Delvis eller heilt.

	Kritiske faktorar	S	K	RF	Moglege tiltak/Ansvarleg
	Mangel på:				
1	- forståing for nytta av ny kunnskap	4	5	20	Bygge opp kompetanse, organisering, rolleavklaring, læring og korrigering. Ansv: PA.
2	- naudsynt forankring/interesse/engasjement hjå næringsaktørane	4	5	20	Informasjon/ kvalitetssikring Ansv. PL og Samarbeidsrådet.
3	- aktive prosjektaktørar i høve strategiområda	3	5	15	Informasjon og etterprøving av kunnskap om mål, strategiar og handlingspunkt hjå deltakarane. Ansv: PA
4	- finansiering hovudprosjekt	3	5	15	Godt forarbeid, god forankring og god prosjektskildring. Ansv:PA
5	- naudsynt forankring/interesse/engasjement i rådgjevingstenesta	3	5	15	Informasjon/ kvalitetssikring Ansv. PL
6	- naudsynt forankring/interesse/engasjement i offentleg forvaltning	2	4	8	Informasjon/ kvalitetssikring Ansv. PL
7	- naudsynt forankring/interesse/engasjement i FoU-miljøa	1	5	5	Informasjon/ kvalitetssikring Ansv. PL

Tabell: Kritiske faktorar

S – Kor sannsynleg, skala 1- 5 (mest), K – Kor kritisk om det inntreff, skala 1-5 (mest)
RF – Risikofaktor (S*K), >15 må utløyse aksjon

Kvalitetssikring av kritiske suksessfaktorar

Sidan det ikkje finst gode mottiltak mot kritiske suksessfaktorar, må prosjektet opprette ei kvalitetssikring for å følgje opp desse. Dette for å sikre seg at ein veit om utfordringane og når dei kan inntreffe. For å auke moglegheitene for å lukkast vil prosjektet i gjennomføringsfasen legge opp hovudaktivitetane etter tabellen over kritiske suksessfaktorar.

6 Økonomi

Forprosjektet/strategi- og forankringsfasen er finansiert av fylkeskommunane og fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane og Samarbeidsrådet. Oppsett budsjett for hovudprosjektet er eit rammebudsjett med moglegheiter for rokkeringar mellom postar og innsatsområde. Det føreset at ein når måla.

Budsjett og finansieringsplan

Det er ein føresetnad at næringa deltar aktivt i arbeidet for at det skal bli resultat av prosjektsatsinga. I eigeninnsats inngår kroner 100.000,- i reine midlar frå næringsorganisasjonane, i tillegg til at dei frigjer menneskelige ressursar verdsett til 300.000 kroner til gjennomføringa av prosjektet. Noko av innsatsen kan vere å støtte prosjektleiinga, medan annan innsats kan vere å delta på store og små nettverksmøte. Det vil seie at organisasjonar og bedrifter sjølve plukkar ut aktive og interesserte personar som representantane sine og dekker kostnadene for desse. Grunnleggande viktig vil vere organisering og deltaking i geografisk og tematisk inndelte AG. Med mange personar som deltek blir summen i eigendel stor. Eigendelen er viktig også for å balansere satsinga frå offentleg sektor. Det same gjeld FoU-miljøa.

Kostnader	Årleg
Prosjektleder (PL) 100 % (skulle hatt delressursar i tillegg)	800.000
Prosjektgruppe (PG) (2 x 25 %)	300.000
Reisebudsjett, SG, PL, PG, AG	100.000
Prosjektansvarleg/-adm.	100.000
Aktivitetar (nettverksamlingar mm)	200.000
Innsats næring: operativt, SG, AG	400.000
Innsats FoU: operativt, SG, AG	100.000
Sum	2.000.000
Av dette eigeninnsats	800.000

Finansiering	Årleg
Eigeninnsats, forvaltning, PG	300.000
VRI Hordaland og Sogn og Fjordane	300.000
Fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane, BU-midlar	400.000
Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, reg. utv. midlar	400.000
Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, rek/komp.lbr	100.000
Eigeninnsats næring, midlar	100.000
Eigeninnsats næring, arbeidstid	300.000
Eigeninnsats FoU, arbeidstid	100.000
Sum	2.000.000
Av dette eigeninnsats	800.000

7 Vedlegg:

7.1 Forprosjekt Grøn dialog

Samarbeidsrådet vart peika ut som rette instans for å initiere og drive ei FoU-satsing innan verdikjeda for landbruk og mat i Hordaland og Sogn og Fjordane, på eit møte arrangert av fylkesmennene i Lavik i november 2011. Rådet søkte og starta på bakgrunn av dette eit forprosjekt for utgreiing og utarbeiding av ei satsing etter modell frå tilsvarande satsing i Midt-Noreg, i 2012. Den geografiske avgrensinga er best mogleg tilpassa landbruket og industrien si nærings- og organisasjonsinndeling og naturgevrne tilhøve her vest.

Forprosjektet vart delfinansiert av fylkeskommunane og fylkesmennene i dei to vestlandsfylka og skulle:

- **Gjennomføre ei større samling mellom landbruksnæring og forskning i fylka:** Samlinga *Grøn dialog* gjekk av stabelen på Hotell Admiral i Bergen 25.-26. oktober 2012, og samla 40 deltakarar frå alle delar av landbruksnæringa, forvaltninga og regionale/nasjonale forskingsmiljø. Samlinga tok spesielt utgangspunkt i røynslene frå Midt-Noreg, presentert av prosjekt- og styreleiar derifrå. Frå vest vart det særlig peika på:
 - FoU-arbeid opplevd som tynt og ujamt fordelt i høve tilutfordringane våre
 - Spørsmål om bonden sine utfordringar er nok fokusert
 - Auke i matproduksjonen på norske ressursar med fokus på lønsemd, arbeidsmiljø, sortsutvikling, bygdenæringar, særskilt bioøkonomi, natur- og utmarksressursar, og klimatilpassingar
 - Samspel forskning-næring: Finansiering, særleg eigendel, tinging frå næring til forskning, krav til forskingsinitierte prosjekt, felles møteplassar
 - Program frukt og grønt i Sogn og Fjordane v/Njøs Næringsutvikling som bransjemodell

Arbeidsgrupper og oppsummering påpeika behovet for ei regional satsing, spesifisert som:

- Truleg 3-årig satsing, programutvikling
- Rigga for varig drift
- Ein nøkkelperson som ressurskoordinerande styre
- Eit Grønt forum som møtestad/nettverk
- Alt treng ikkje vere felles for fylka, fordeling, bransjar etc.
- Det beste frå Njøs sin programmodell og Midt-Noreg sin prosjektmodell
- Samarbeidsrådet best til å ta ballen. Knyte Sau og Geit og frukt/bærsektoren sterkare inn

Samarbeidsrådet v/Hordaland Bondelag og FMLA Hordland har stått for dei vidare kartleggings- og vurderingstiltaka inkludert utforming av hovudprosjektsøknaden. Dette har vore gjort under tilsyn av ei SG og dannar grunnlaget for denne prosjektskildringa

- **Kartlegge kunnskapsbehov:** I etterkant av landbruksmeldinga i 2011⁴ har det vore utført relativt store kartleggingar av landbruket og skildring av utviklingsbehovet knytt til utforming av m.a. nye regionale bygdeutviklingsprogram i dei to fylka. Bygdeutviklingsprogramma består igjen av næringsprogram, miljøprogram, skog- og klimaprogram som dekkar aktuelle problemstillingar for framtidig utvikling av landbruket. I forprosjektet er det gjort ein gjennomgang av desse og plukka ut strategiar der ein forskingsbasert kunnskap trengst. Vidare er dette vinkla opp mot regionale utfordringar, regionale planar og m.a. Noregs Bondelag sin nasjonale forskingsstrategi. Dette er gjort for å isolere særskilte regionale behov. Nærare spesifikasjonar vil vere ei oppgåve for hovudprosjektet.
- **Skissere ressursbehovet til ei FoU-satsing:** Forprosjektet konkluderer ikkje overraskande med at ei satsing bør vere så kompakt som mogleg, men stor *nok*. Venteleg vil ei slik satsing her vest møte mindre regional politisk merksemd og lågare prioritering enn i Midt-Noreg. Vidare vil ein vonleg ha ein rasjonaliseringsvinst i at andre har gått vegen før og sist men ikkje minst må ein legge mykje meir vekt på «livet etter døden». Satsinga må halde fram i eksisterande institusjonar, organisasjonar og forvaltning, då ein ikkje kan tenke seg regional tolsemd utover ein prosjektperiode. Samstundes må prosjektet ha nok kapasitet til å gjere ein skilnad, og vere interessant nok til å tiltrekke seg rett kompetanse og prosjektorganisasjon. Det er difor konkludert med trong for PL i heil stilling, i tillegg til ein viss administrativ ressurs hjå prosjektorganisasjon og delprosjektleiingar i landbruket sine organisasjonar og forvaltning, som eigeninnsats.
- **Kartlegge finansiering av ei slik satsing:** I Midt-Noreg har satsinga vore regionalt delfinansiert og tett knytt til VRI-programma, og ideelt sett skulle det nok helst blitt slik i fylka våre òg. Med bakgrunn i røynslene frå Midt-Noreg kan det ventast at prosjektet vil bli ein diskusjons- og utviklingspartner for bedriftsinterne utviklingsprosjekt retta mot desse : Innovasjon Noreg, Verdiskapingsprogrammet for Mat, Regionalt Forskingsfond og i tillegg FoU-miljøa sitt arbeid mot nasjonale finansieringskjelder. Samarbeidsrådet burde kunne reknast som eit «konsortium av verksemdar i samarbeid med FoU-institusjonar og/eller bedrifter i fondsregionen». Satsinga burde og vere av interesse i høve kompetansemeklingsaspektet i innsatsområde for VRI i dei to fylka, som samarbeid mellom aktørar, verkemiddelapparat og forskning innan grøn næring, og spesielt som mobiliseringstiltak til Regionalt Forskingsfond si satsing på berekraftig matproduksjon. Sonderingar mot VRI/RFF leidde først ikkje fram, men det ser no ut til at satsinga blir nemnt i årets VRI-søknad, i alle fall frå Hordaland. Dersom det regionale forskningssystemet ikkje ser interesse av denne type satsing, vil prosjektet i hovudsak måtte søkjast finansiert frå Regionalt Utviklingsprogram og Bygdeutviklingsmidlane i dei to fylka. Det ville vere ønskjeleg med eit ope møte med alle delar av regionalt utviklingsapparat for å få avklart interesse og ansvarsfordeling rundt dette.
- **Vurdere organisering og ansvarsfordeling. Vurdere eigarskap og tilknytning:** Samarbeidsrådet samlar alle større organisasjonar og samvirkeføretak i landbruket i dei to fylka, og vart tidleg plukka ut som samlande PE og søkar. Organisasjonen blir ofte brukt til samlande prosjekt, men sidan organisasjonen ikkje har fast tilsette, vil det vere naturleg å setje ut

⁴ Meld. St. 9 (2011–2012) Landbruks- og matpolitikken. Velkommen til bords

prosjektansvar og –leiing til ein eigna organisasjon. Vidare må prosjektet kunne nytte eit breitt spekter av tilgjengelege ressursar i landbruket, både av ressurs- og resultatomsyn. Meir i eigen bolk.

7.2 Røynsler frå ”Grønn forskning i Midt-Norge”

Resultat

Perioden 2009-2012 gav 17 utarbeidde og omsøkte prosjekt til ein totalverdi av 91 mill. kroner, fordelt på følgjande tematikk:

Tema	Tal	Næring
Skaderelatert	4	Primærlandbruk
Produksjonseffektivisering	4	Primærlandbruk
Verdikjedeauke	3	Næringsmiddelindustri
Skog og klima	3	Primærlandbruk
Ny produksjon	1	Primærlandbruk
Mattryggleik	1	Næringsmiddelindustri
Landbrukspolitikk	1	Primærlandbruk

Av desse vart 15 prosjekt løyvd til saman 70 mill. kroner, derav 55 mill. statleg og 15 mill. regional finansiering. I tillegg har prosjektleinga involvert i ein del konfidensielle prosjekt, truleg i hovudsak knytt til næringsmiddelindustrien.

Måloppnåing

Prosjektet i Midt-Noreg har anslått seg ei høg grad av måloppnåing, for det meste mellom 75 og 100 %. Når det gjeld mål om «betydeleg... styrking av forskning... for å utvikle nødvendig kunnskap for å styrke grønne næringer...» er anslaget noko lågare. Dette er ikkje kommentert, men den kritiske faktoren kan vere å *påvise styrking* av grønne næringer. 3 år er uansett kort tid for å kunne trekke ein slik konklusjon. Vidare har er suksessrate for tilbakeformidling av resultat til næringa ikkje kommentert, men andre stader finst det inntrykk av at dette kunne vore betre ivareteke.

Tiltak og arbeidsmetodar

Grønn forskning i Midt-Norge har lukkast med ein modell med organisering av prosjektleiing og arbeids- og faggrupper som både kan la seg kopiere og tilpasse til Vestlandet. Denne kan venteleg integrerast i eksisterande fag- og forvaltingsmiljø på ein måte som kan sikre vidareføring av arbeidet og systemet etter prosjektslutt. Rett nok har dei ikkje slutført ei slik integrering i Midt-Noreg og dei søker difor om ein prosjektperiode til for mellom anna å fullføre dette. Dette vil ikkje vere realistisk i Hordaland og Sogn og Fjordane, så fokus på integrering må setjast frå første stund.

GFMN og VRI

VRI Trøndelag er eit prosjekt innanfor eit Forskningsrådsprogram regionalt styrt av ein samla partnarsskap. GFMN er eit prosjekt initiert og styrt av landbruksnæringa i Midt-Noreg. VRI Møre og Romsdal medfinansierer ikkje GFMN, i mangel av passende VRI-strategi. Fylket finansierer der berre med regionale utviklingsmidlar og bygdeutviklingsmidlar.

VRI Trøndelag har eit innsatsområde *Verdikjeda mat, grøn sektor*, som er overlappande med GFMN på målsetjingar og innhald, men som er ulikt organisert. I Trøndelag er det ei felles regional forståing og stor grad av koordinering og samhandling mellom desse på person-, oppgåve- og aktivitetsnivå.

VRI Trøndelag har definert GFMN som eit verktøy for å *forsterke* aktiviteten mot den grønne verdikjeda, som eit komplement til eigne verkemidlar innanfor området, som kompetansemekling, studentprosjekt og læringsarenaer.

- auke forståinga forskning og utvikling som reiskap for næringa
- nettverksbygging og aktivitet for å auka brukarmedverking i forskinga
- større næringsdeltaking i utviklings- og gjennomføringsfasen av forskingsprosjekta
- bidra til prioritering av ressursar til område med utviklingspotensial for næringa
- auka sjansar for at forskingsresultata blir tatt i bruk, og gjennom dette
- auka forskingsvilje i den regionale landbrukssektoren

Formidling

Dette er det temaet ein i Midt-Noreg har rapportert minst om. Venteleg har ein då i mindre grad luktast med ein god kommunikasjon ut til næringa om resultatet av arbeidet i satsinga. Det kan også verke som nettaktiviteten i prosjektet har vore avgrensa. Ei god formidling av resulterande prosjekt, prosjektresultat og ikkje minst realisering av slike må sikrast gjennom eit aktivt infoarbeid. Det burde vere nok kapasitet og kanalar spesielt i landbruket, til at dette kan realiserast gjennom dei kanalane næringsaktørane normalt brukar.

7.3 Regionalt FoU-behov frå planprosessar (2011-13)

7.3.1 Landbruksmeldinga

Nasjonal politikk slår fast at gode kunnskapssystem er naudsynte for å fremje konkurransevne i alle landbruket sine verdikjeder og sikre ei framtidsretta næring. God rekruttering, eit høgt kunnskapsnivå og vidareutvikling av kunnskapssystema er avgjerande for at landbruks- og matsektoren skal nå dei landbrukspolitiske måla. Nasjonalt vil ein legge større vekt på forskning som fremjar berekraftig auke i matproduksjonen og forskingsbasert innovasjon i næringsmiddelindustrien. Dette vil fremje konkurransevna og bidra til å oppretthalde avsetning av norske jordbruksvarer. Ei ønska teknologisk utvikling i landbruk og industri er naudsynt også for å trekke til seg kapital, arbeidskraft og kompetanse.

Sidan dei regionale bygdeutviklingsprogramma er utforma på grunnlag av Landbruksmeldinga, er det sjølvstøtt samsvar mellom prioriterte innsatsområde for forskinga:

- Berekraftig produksjon av nok og trygg mat
- Klima; utsleppsreduksjonar, tilpassing og fornybar energi
- Forskingsbasert nyvinning og konkurransevne i landbruks- og matsektoren
- Kunnskapsutvikling for forvaltninga
- Forskingsformidling

I tillegg peiker meldinga på vidareutvikling av kunnskapsmiljø, primært nasjonale (som og er tilstades i vår region), men og generelt på universitet og høgskular. Dei vektlegg og FoU under andre område som: Matområdet, verdikjedetenking, mat med lokal identitet, bioenergi, biodrivstoff og matavfall.

7.3.2 Norges Bondelags forskingsstrategi 2012-15

I strategien vil ein synleggjere landbruket sitt forskingsbehov og gjere FoU relevant for bonden, ved å fremje FoU innan⁵:

- Auka matproduksjon på norske ressursar
- Auka lønsemd i husdyrproduksjonen
- Tilpassing til endringar i klima
- Dyrevelferd
- Sortsutvikling og dyrkingsmetodar for korn, frukt, bær, potet og grønsaker
- Utvikling av landbruksbasert bioøkonomi
- Utvikling av bygdenæringar
- Bruk av natur- og utmarksressursar
- Sikker kvardag og betre helse for bonden

For noko av tematikken og nokre av tiltaka frå strategien vil det vere høgst aktuelt med ei særskilt, regional tilnærming, andre problemstillingar og arbeidsmetodar er felles på nasjonalt nivå. Særleg interessante tiltak frå forskingsstrategien vil vere innan identifikasjon og forankring av forskingsbehov, og formidling av forskingsresultat til bonde og næring.

7.3.3 Regionalt utviklingsprogram (RUP)/Verdiskapingsplan

Landbruk er prioritert som næring med særskilt fokus/bransjetema i regionale utviklingsplanar både i Hordaland og Sogn og Fjordane. Utviklingsstrategiane for landbruket er i begge fylka lagt til regionale bygdeutviklingsprogram som og er politisk vedtekne i fylka. Sjå under. Vidare legg RUP/VP spesielt vekt på landbruksrelaterte oppgåver innan utdanning, rekruttering og kompetanseheving som er lagt til fylkeskommunane. I Hordaland har RUP i tillegg prioritert utvikling innan mjølkesektoren, ikkje minst med bakgrunn i tilknytninga til næringsmiddelindustrien.

7.3.4 Regionale bygdeutviklingsprogram

Med utgangspunkt i landbruksmeldinga⁶ frå 2011 er det utarbeidd nye bygdeutviklingsprogram for landbruket i både Hordaland og Sogn og Fjordane frå 2012 til 2016/17. Desse består av næringsprogram, miljøprogram samt skog- og klimaprogram med definerte mål og strategiar. Brorparten av strategiområda er utviklings- og forvaltingsretta, men kanskje rundt ein firedel omhandlar tematikk eigna og har trong for regionalt innretta forskning.

Næringsprogramma (RNP) er sterkt retta inn mot produksjonsauke i det tradisjonelle landbruket og i tråd med Landbruksmeldinga. Dei femner og nye næringar

⁵ Norges Bondelags forskingsstrategi 2012-2015 (2012)

⁶ Stortingsmelding 9 (2011–2012) Landbruks- og matpolitikken. Velkommen til bords

(bygdenæringar) og lokalsamfunnsutvikling på bygdene. Hordaland har konkrete mål for produksjonsauke for mjølke-, lammekjøtt- og fruktproduksjonen, samt tilrettelegging for produksjons- og aktivitetsauke innan skogbruk og bygdenæringar. I Sogn og Fjordane finst det tematikk for ei regional FoU-satsing særleg innan satsingsområda *Matproduksjon* og *Skogbruk og bioenergi*, knytt til kompetanseprofilen til jordbruket, generering og realisering av FoU-arbeid og fagleg grunnlag for skogplanting.

Ut ifrå strategiane for desse, er det særleg følgjande som skil seg ut som eigna fagområde for forskning og tema for ei regional FoU-satsing:

- Grovforavling (ku)
- Foring og forkvalitet (sau)
- Målretta FoU-arbeid innan mjølkeproduksjon
- Dyrehelse hjå sau (nasjonalt?)
- Nye dyrkingsteknikkar i fruktproduksjonen
- Berekraftig og klimavenleg skogplanting
- Grunnlag for auka treforedling
- Grunnlag for matforedling og reiseliv (historie mm)
- Grunnlag for fagleg underbygging av Inn på Tunet-tenester (helse, pedagogikk, sosiologi osv)
- Kompetanse og forskning som tema for profilering og rekruttering

7.3.5 Rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket

Av hovudutfordringane i Hordaland er følgjande relevante i høve kunnskapsgrunnlag:

- Høgare kompetansekrav, her under mål om livslang læring; som fagleg og regionalt tilpassa/fokusert bakgrunn for kurs knytt til produksjonar, metodar og teknologisk utvikling. Dette er og tiltak lista i Sogn og Fjordane
- Betre omdømme; kvalitetar, tilbod og moglegheiter i sektoren (Sogn og Fjordane)
- Tiltrekkingskraft (begge fylka)

7.3.1 Regionale forskingsfond/VRI

Prosjektet har mange samanfallande mål med matfokuset til Regionalt forskingsfond for Vestlandet, og skal bidra til auka fokus på slike tiltak også frå dei nordligaste fylka i fondet. Begge fylka er i innspurten med sine VRI-søknadar, og formulering om satsinga er spelt inn under passende tematikk (i Hordaland; Distrikt og distriktsnæringar).

7.3.2 Regional matstrategi for Hordaland

I utkast til regional *Matstrategi for Hordaland* ligg det an til mål og strategiar som til dels krev bakgrunnskunnskap som går utover produksjonsretta forskning innan landbruk og næringsmiddelindustri. Særleg gjeld dette kunnskap innan matkultur og tradisjonar som grunnlag for å «dyrke frem en tydelig matidentitet, ...kunnskap om regionens råvarer og mattradisjoner og styrke grunnlaget for næringsutvikling i regionen». Dette fell inn under to av delmåla i strategien. I tillegg fell det saman med tiltak for å styrke kunnskap hjå forbrukarane gjennom å bidra til næringsdrivne

forskningsprosjekt. Dette vert knytt til mathelse og tiltak innan forskningsformidling i samarbeid med FoU-miljøa.

7.3.3 Andre innspel

Tilpassa teknologiske løysingar er og eit spørsmål som er reist⁷ med regionale problemstillingar, og som kan relaterast til dei produksjonsretta satsingane i regionale næringsprogram, td. i form av:

- Økonomiske og tilpassa løysingar for tekniske mjølkefjøs innanfor 25 kyr
- Samordning av lokale tilpassa tekniske løysingar mot norske og internasjonale utstysprodusentar, med døme frå frukt og bær
- Meir fokus på utstysprodusentar i (delar av) land med liknande utfordringar (topografi, bruksstruktur, klima mm) som Noreg, td. Austerrike, Sveits og Italia

7.3.4 Syntese som innspel til arbeidsform og organisering

Ettersom prosjektet sitt arbeid i størst mogleg grad er tenkt som eit nettverks- og gruppearbeid forankra i eksisterande nærings-, forvaltings- og kompetansemiljø, vert det naturleg å komprimere og samle tematikken frå desse innspelsdokumenta, som grunnlag for ei arbeidsgruppeinndeling (AG), i utgangspunktet føreslått som følgjande:

- Grovfor
- Mjølke
- Kjøtt
- Frukt og Grønt
- Skog og Tre
- Mat og Reiseliv

Den første gruppa «sluttar» i landbruket, medan dei tre neste bør vere samansett som komplette verdikjeder, frå innsatsfaktorar og produksjon til foredling, distribusjon og sal. *Skog og Tre*-gruppa «sluttar» i byggebransje/handel, medan *Mat og Reiseliv* bør handle mykje om historie, kultur, småskalaproduksjon og –distribusjon og «det store» reiselivet sitt møte med «det vesle».

Næringsmiddelindustri og anna relevant industri og handel bør helst inkluderast i alle grupper, fortrinnsvis med minst 2 representantar i kvar, for å sikre ei viss fordeling mellom forskjellige delar av verdikjeda: Samvirke/privat, gjødsel/forindustri, leverandør/utstyr, matindustri; meieri, kjøtt, frukt/grønt, skogindustri og byggebransje samt nokon større aktørar innan foredlende matindustri, reiseliv, grossist, HORECA, detalj etc.

Formidling i form av tilbakemelding og grunnlag for realisering må tidlegast råd inkluderast i arbeidsplanane til alle faggruppene og i alle møteplassar med FoU-miljøa, men koordinering og utforming må likevel bli ei oppgåve for PL særleg tidleg i prosjektperioden.

Rekruttering, utdanning og likestilling må hovudsakeleg forankrast gjennom næringane sitt arbeid med fylkeskommunane, sjølv om det og er eit aspekt av

⁷ Notat: Teknologisk utvikling og landbrukspolitik. Christian Rekkedal, landbruksdirektør i Sogn og Fjordane til styringsmøte LMD 24.04.2013

arbeidet til dei fleste faggruppene. Dette heng og sterkt saman med ei kunnskapsbasert *omdømmebygging*, som elles bør vurderast ivareteke av PL, for om naudsynt å skilje det frå næringsorganisasjonane sitt politiske arbeid.

Klimaarbeidet må bli eit særleg ansvar for dei tyngste produksjonsgruppene på utsleppssida, og for Skog og Tre på bidragssida (bioenergi og skogplanting). *Inn på Tunet* finn ikkje naturleg plass i nokon av desse gruppene, sjølv om her ligg mykje interessant forskingstematikk td. innan helse og pedagogikk. Miljøet bør kunne dekkast inn av PL gjennom td. nettverk knytt til næring og forvaltning.

7.4 Referansar og grunnlag

- Stortingsmelding 9 (2011–2012) Landbruks- og matpolitikken. Velkommen til bords
- Norges Bondelags forskningsstrategi 2012-2015
- Regionalt utviklingsprogram for Hordaland 2013
- Regional verdiskaping i Sogn og Fjordane, planprogram 2013
- Regionalt bygdeutviklingsprogram for Hordaland 2013-2017, inkl næringsprogram, miljøprogram og skog- og klimaprogram
- Regionalt bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013-2016, inkl. næringsprogram, miljøprogram og skog- og klimaprogram
- Matstrategi for Hordaland 2013, under utarbeiding
- Grønn forskning i Midt-Norge 2009-2012, prosjektskilddring
- Grønn forskning i Midt-Norge 2009-2012, sluttrapport m/vedlegg
- Grønn forskning i Midt-Norge 2009-2012, kunnskapsbehov 2010 og 2012
- Forprosjekt landbruksbasert forskning – grønn dialog 2012, prosjektskilddring
- Grønt dialogmøte, Bergen 25.-26.10.12 (Samarbeidsrådet)
- Forprosjekt landbruksbasert forskning – grønn dialog 2012, sluttrapport under utarbeiding